



2017

Ny § 9a- Eit trygt og godt
skulemiljø

~~mobbing~~

Innhald

Forord.....	1
Bakgrunn	2
Nulltoleranse mot krenkingar–§9A–3	2
Kva er nytt	3
Nye kapittel 9 A -oversikt	3
§9 A-9 Informasjonsplikt og rett til å uttale seg	3
Elevane sine rettar.....	3
Aktivitetsplikta –§9 A–4	4
Skulane sine plikter – rutinar.....	5
Tiltak	5
Dokumentasjon av aktivitet	6
Skulen sitt kontinuerlege arbeid	6
Kva skal Fylkesmannen vurdere?	6
Betre tryggleik for elevane	7

Forord

I samband med ny §9a i Opplæringslova, legg Tysnes kommune fram nye og felles rutinar for skulane når det gjeld arbeidet med det psyko-sosiale skulemiljøet til elevane. Det er nye krav både til skulane og til skuleeigar og nye rutinar må sikra at lovverket vert følgt og at elevane får innfridd retten sin.

Dei nye rettane og rutineane skal vera kjende i heile organisasjonen av både tilsette og elevar/føresette. Dei tilsette har rett på opplæring og informasjon, som skal formidlast vidare til elevar og føresette.

Skuleeigar har fått informasjon om det nye lovforslaget gjennom Fylkesmannen, og dei nye rutineane blir lagde fram til politisk handsaming hausten 2017.

Målsetjinga med dette planarbeidet er at det ikkje skal førekoma noko form for krenking mot elevar i Tysnesskulane. Då er eit godt førebyggjande arbeid særst viktig.

Denne målsetjinga skal alle skular og barnehagar arbeida aktivt for dei komande åra, jmf. Strategiplan for Oppvekst 2017 «Saman om framtida».

Bakgrunn

Med bakgrunn i forslag frå Djupedals- utvalet i NOU 2015, har Kunnskapsdepartementet gått i gang med eit omfattande endringsarbeid i Opplæringslova sine reglar om skulemiljø i ein proposisjon til Stortinget (Proposisjon 57L) som vart handsama og vedteken med små endringar i mai 2017.

Stortingsbehandlinga har vore slik:

21.02.17 Proposisjon 57 blir sendt over til Stortinget

23.03.17 Høyring

16.05.17 Innstilling frå KUF-komiteen

22.05.17 1. behandling lovedtak nr 82

29.05.17 2. behandling

Bakgrunnen for endringane i Opplæringslova er at mobbing og plaging av elevar i skulane ikkje vert redusert, sjølv om det har vore sett fokus på utfordringane gjennom mange år. Det er blitt konkludert med at ordninga med enkeltvedtak ikkje har fungert slik det var tenkt, og det kan sjå ut for at pålegget om å gjera vedtak gjer at sakene dreg ut i tid, og at mange barn har eit utrygt og vondt skulemiljø. Intensjonen med den nye lova er å tryggja kvar einskild elev eit trygt og godt læringsmiljø.

Nulltoleranse mot krenkingar–§9A–3

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering»

- Skulen skal ikkje akseptere at elevar blir krenka
- Krenking skal tolkast vidt:
- Direkte negative handlingar og verbale uttrykk retta mot eleven
- Indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking.
- Men: Ikkje ein kvar kritisk ytring eller usemje
- Lære elevane å kunne akseptere og respektere ulike meiningar og overtydingar

Heilskapleg arbeid



Kva er nytt

- **Alle** som arbeider eller oppheld seg jamleg på skulane har **PLIKT** til å:
 - **Følgja med**
 - **Varsla**
 - **Gripa inn.**
- Det skal **ikkje lengre fattast enkeltvedtak.**
- Skulen har ei **dokumentasjonsplikt** på kva ein gjer.
- Skulen har plikt til å laga ein **tiltaksplan**
- Skuleeigar skal vera orientert om det som skjer på skulane.
- Dersom det er ein **tilsett som krenkar eit barn**, skal skuleeigar ALLTID orienterast med ein gang.
- §9A-13 Straffeansvar – Rektor kan bli **straffa.**
- Kommunen kan få **dagbøter**
- Fylkesmannen er **første klageinstans** og skal avgjere om skulen har oppfylt **aktivitetsplikta** si
- Utdanningsdirektoratet **er andre instans**

Nye kapittel 9 A -oversikt

§9 A-1 Verkeområde for kapitlet

§9 A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

§9 A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid

§9 A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

§9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

§9 A-6 Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

§9 A-7 Det fysiske miljøet

§9 A-8 Elevdeltaking i arbeidet med skolemiljøet

§9 A-10 Ordensreglement

§9 A-11 Bortvising

§9 A-12 Tvangsmulkt

§9 A-13 Straffansvar

§9 A-14 Erstatningsansvar og bevisbyrde

§9 A-15 Forskrift om skolemiljøet

§9 A-9 Informasjonsplikt og rett til å uttale seg

Elevane sine rettar

Elevane har krav på og rett til eit trygt og godt skulemiljø fritt for alle typar krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. I dette ligg at ingen skal tola eller oppleva direkte handlingar eller verbale uttrykk. Indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking skal heller ingen tola.


Denne retten gjeld i heile skuletida, SFO og leksehjelp.

Elev eller føresett kan ta kontakt med skulen og be om at det vert sett i verk tiltak dersom eleven opplever at retten ikkje er ivareteken.

Det er eleven sin oppleving av situasjonen som tel. Så lenge eleven kjenner seg krenka så er han/ho det. Endringane i lova skal sikra elevane si rettstryggleik.

Aktivitetsplikta –§9 A–4

- «Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.
- Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.
- Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkjesaka.
- Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
- Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid».



Skulane sine plikter – rutinar.

- Alle skulane skal driva eit solid førebyggjande arbeid mot alle former for krenkingar. Dette er ein del av aktivitetsplikta. Rektor har ansvar for å organisera/leggja til rette for og følgja med på at arbeidet skjer. Arbeidet skal gå føre seg;
 - i fellestida til dei tilsette. Alle yrkesgrupper må vera orienterte og engasjerte.
 - i klasserommet med alle elevane
 - i samarbeidsfora med føresette
- Alle som arbeider eller oppheld seg jamleg på skulane har PLIKT til å:
 - Følgja med
 - Varsla
 - Gripa inn.
- Skuleleiinga har ansvar for at alle tilsette eller dei som oppheld seg på skulen kjenner til pliktene sine.
- Skuleleiinga skal informera kommunenivået når det vert sett i gang ein tiltaksplan. Tiltaka kan diskuterast med oppvekstsjef.
- Skulane må sjå til at dei tilsette har nok kompetanse på klasseleiing og melda frå til skuleeigar dersom det er naudsynt med kompetanseheving.
- Skuleleiinga skal dokumentere arbeidet som vart gjort, frå varsling av ei sak til tiltaka er gjennomførte og eleven sitt skulemiljø er trygt og godt. Dokumenta skal arkiverast i elevane sine elevmapper.
- Skulane må heile tida orientera skulemiljøutvalet om det førebyggjande arbeidet og om saker som skulen arbeider med. Møtoreferat skal liggja ved.
- Skulane skal samarbeida med andre instansar som PPT, helsestasjonen og barnevern eller andre som kan vera med å bidra til at barnet får retten sin til eit trygt og godt skulemiljø.
- Skulane og kommunen sine planar og informasjon for å sikra borna eit godt skulemiljø skal liggja på skulen si heimeside.

Tiltak


- Omsyn til barnets beste
- Egna til å løyse problemet til eleven og sikre at eleven får eit trygt og godt skulemiljø
- Tilstrekkeleg–sjå fleire tiltak i samanheng
- Årsak utanfor skulen
- involvere andre kommunale instansar, t.d. PPT, helsetenesta, barnevernstenesta eller ambulerandeteam?
- Dei tilsette må ha oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar
- Skuleeigarsitt ansvar (§9 A–3 og §10–8)

Dokumentasjon av aktivitet

«Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.»

- Dokumentere kva som vert gjort i den konkrete saka
- Skriftleg plan
- Korleis skulen gjennomfører planen
- Utfall av evalueringar, oppfølging
- Ver merksam på personopplysningslova
- Skal kunne leggast fram for fylkesmannen
- Grunnlag for andre saker, som t.d. erstatning

Skulen sitt kontinuerlege arbeid




Kva skal Fylkesmannen vurdere?

- Har skulen oppfylt aktivitetsplikta etter §§9 A-4 og 9 A-5?
- Kva har skulen gjort eller ikkje gjort for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø?
- Er tiltak eigna etter ein fagleg vurdering?
- Er tiltaka tilstrekkelege—har skulen vurdert andre tiltak?
- Har skulen gjennomført dei aktivitetar som er rimeleg å forventast for å sørge for at eleven får et trygt og godt psykososialt skulemiljø?
- FM skal ikkje prøve om retten er oppfylt

Betere tryggleik for elevane

FØR



NY LOV

